

Referat FAU Ostereidet barneskuleskule, 21.09.2015

Tilstades: Erik Klausen, Bente Merethe H. Færø, Mathilde Fykse, Hege T. Agdal, Eva Hindenes, Siv Merethe Midtgård, Jostein Stemland og Ane Johanne Hågensen.

Sak1. Årsmøte.

Sakar FAU har jobba med i året som har gått:

- Farleg skuleveg.
 - o Temaet kom opp på første FAU- møte. Det er ikkje gjort så mykje med dette, men det er sendt inn eit skriv til administrasjonen i kommunen vedkommande vegen mellom ungdomsskulen og barneskulen. Kommunen har ikkje svart på FAU si henvending.

- Melding mellom heim og skule ved fråvær.
 - o FAU ville at det skulle lagast ei rutine for heile skulen om at foreldre får tilbakemelding så snart som mogeleg dersom borna ikkje møter på skulen, utan at det er gjeve melding om dette frå heimen.
 - o Det er pr i dag ikkje laga ei slik rutine. Skulen føl forskrift frå utdanningsdirektoratet, og dei har som regel at dei tek kontakt med heimen etter tre dagar fråvær.
 - o FAU og skulen vil jobbe vidare med å få i gang ei god rutine kring dette i det kommande året.

- Temakveld.
 - o Temakvelden skuleåret 2014 / 2015 vart utsett.

- FAU sin konto.
 - o Det er oppretta ein eigen konto for FAU i skulen sitt namn.

- Utbetring av skuleområdet.
 - o Skulen har fått pengar til grillhytte i gåve frå FAU til ti- års jubileet.

- Julefesten.
 - o FAU deler ut klementinar og peparkake på julefesten

- 17 mai komiteen.
 - o FAU kalla inn til første møte i 17 maikomiteen, og oppbevarer permar med informasjon til 17 maikomiteen.
 - o FAU hadde elevkonkurranse i 17 maitoget.

- FAU kjøpte inn akebrett til alle elevane i vinter.
- FAU sendte uttale i høve ei eventuell skulesamanslåing.

Sak 2. Rekneskap.

Gjennomgang av rekneskap frå skuleåret 2014 / 201, samt rekneskap frå 17 mai 2015.

Sak 3. Konstituere nytt styre

- FAU skuleåret 2015 / 2016:

Leiar: Eva Hindenes

Nestleiar: Bente Merethe H. Færø

Kasserar: Mathilde Fykse

Skrivar: Siv Merethe Midtgård

Sakar for det nye styret i FAU.

- 1) Val av representantar til SU, SMU og utegruppa

Samarbeidsutvalet:

Eva Hindenes (vara: Bente Merethe H. Færø)

Ane Johanne Hågensen (vara: Mathilde Fykse)

Samarbeidsmiljøutvalet:

Eva Hindenes

Ane Johanne Hågensen

Mathilde Fykse

Bente Merethe H. Færø

Utegruppa:

Therese Hopland Johansen og klassekontakt frå 6. klasse.

- 2) Teieplikt.
 - Rektor gjev info om teieplikt.

- 3) Vidare planar for grillhytta
 - Skulen har vore i kontakt med ungdomsskulen, som skal hjelpe til med å byggje denne. Skulen vil og spørja om kommunen kan grava, evtnt skyta før ungdomsskulen kan begynna. Dette bør ei få til før jul.

- 4) Møteplan.
 - Det vart ikkje laga møteplan for FAU

- 5) Temakveld.
 - Det er semje i FAU om å prøve å få til ein temakveld skuleåret 2015 / 2016 i samarbeid med dei andre skulane i krinsen. Rektor vil ta kontakt med dei andre skulane for å opne for eit samarbeid.
 - Forslag til tema:
 - Cathrinesaka (BT)
 - SMISO
 - Barnevakten.no
 - Mobbing – foreldresamarbeid.

- 6) Eventuelt.
 - Det vert i samarbeid med FAU arrangert skulejogg til inntekt for røde kors fredag 02.10.2015.
 - Lindås kommune er med i eit prosjekt med Trygg trafikk om trafikksikker kommune, og det skal lagast ein trafikksikringsplan for skulen. FAU kjem med innspel til denne.